

Informasjon til nye studentar på årsstudium musikk Stord

Velkommen som ny student på årsstudium i musikk! Informasjon om oppstarten finn du her: <https://www.hvl.no/student/studiestart/>

Det vert digital registrering, og fysisk møte med fagmiljøet på campus 16.august.

Praktisk informasjon og utstyr:

Du skal velge eit hovudinstrument som du skal få individuell undervisning i, i løpet av den første veka. Hovudinstrumentet er det instrumentet du kan best frå før. Utstyr:

- Alle songarar må ha eigen mikrofon og mikrofonkabel (xlr-kabel). Ta kontakt om du treng tips til mikrofon.
- Instrumentalar: Eige instrument, og evt kablar dersom du spelar eit elektrisk instrument.
- Trommisar: Vi har trommesett på huset, men også eit trommerom der du kan ha dine egne trommer (du må ha egne trommestikker).

Du må skaffe deg boka "Nyt notene" av Tone Ophus då vi skal bruke denne tidleg i semesteret. Resten av pensumbøkene får du informasjon om ved oppstart.

Veke 40 reiser vi på studietur til Ole Bull Akademiet på Voss, saman med andre musikkstudentar på Stord og i Bergen. Det blir ei veke med folkemusikk og kjekke aktivitetar. Dette er ein subsidiert tur, men du må sjølv dekke 700 kroner til kost/losji, samt utgifter til reisa. Vanleg reiserute er kystbuss til Bergen og tog derifrå til Voss. Det er mogleg å køyre sjølv, då må ein rekne utgifter til parkering.

Veke 41 er det studieveke.

Har du spørsmål i forkant av studiestart kan du sende mail til gunhild.rolfsnes@hvl.no

Vi gleder oss til å møte deg!